



Arkivsak

26/09838-1

Sakshandsamar

Oda Marie Sjøli Langbach

Saksgang

Partssammensatt utvalg

Yrkesopplæringsnemnda

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

Fordeling av drifts- og investeringsmidlar til maskiner og utstyr i 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fordeling av investeringsmidlar til utstyr i vidaregåande opplæring blir teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Fylkestinget løyvde i årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 ein investeringspott på 3,5 mill. kroner for 2026 til innkjøp av utstyr på skulane. Fordelinga av midlane er gjennomført administrativt og blir lagt fram i denne saka.

Saka blir lagd fram for Partssamansett utval, Yrkesopplæringsnemnda og Telemark ungdomsråd til orientering. Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Midlane vart kunngjort 23. februar 2026, med søknadsfrist 17. mars 2026. Utlysinga vart sendt til dei 11 vidaregåande skulane i Telemark, Kompetansesenteret og Oppfølgingstenesta. Alle dei vidaregåande skulane og Kompetansesenteret/Oppfølgingstenesta har søkt om midlar gjennom utlysinga. Kvar verksemd vart beden om å søkje på inntil tre prioriterte tiltak. Porsgrunn vgs. og Nome vgs. kunne søkje om inntil fire prioriterte tiltak på grunn av to lokasjonar.

Midlane i denne saka er rekna som investeringsmidlar. For at innkjøp skal kunne førast som investeringar i budsjett og økonomiplan, må dei mellom anna ha varig verdi og koste over 100 000 kroner per eining. Søknadane kan ikkje omfatte driftsmidlar som lærebøker, lisensar, handverktøy, materiale og forbruksvarer med meir. Det er gjort avklaringar med økonomiseksjonen for å sikre at tiltak det blir løyvd midlar til, kan reknast som investeringar. Nokre har fått avslag fordi tiltaka ikkje fell inn under dette. Dette gjeld til dømes tiltak der den reelle kostnaden ligg under 100 000 kroner, eller der levetida ser ut til å vere under tre år.

Verksemdene søkte samla om midlar til utstyr for 13,1 mill. kroner. Innmelde investeringsbehov er såleis større enn tilgjengelege midlar til fordeling. Midlane er fordelte ut frå ei vurdering av behovet for utstyr for å sikre god opplæring av elevar/ungdom. Som følgje av den avgrensa ramma er det fleire naudsynte investeringar verksemdene ikkje har fått midlar til. Vest-Telemark vgs. har til dømes behov for tre dreiebenkar, men det er berre midlar til éin. Fleire andre skular har tilsvarande behov for oppgradering av utstyr, men det er ikkje tilgjengelege midlar til å finansiere dette innanfor årets ramma.

Tabellen under viser kva tiltak som er innvilga i 2026 innanfor ramma på 3,5 mill. kroner, som skal dekkje investeringsbehov for utstyr og maskiner. Alle tiltaka i tabellen er vurderte som investeringar. Kragerø vgs. søkte om ein større og dyrare dreiebank enn Vest-Telemark vgs. og Notodden vgs. På grunn av omsynet til likebehandling og avgrensa midlar fekk skulen ikkje innvilga den større modellen, men same modell som Vest-Telemark vgs. og Notodden vgs. har fått innvilgd. Etter søknadsfristen blei det meldt inn behov for eit nytt utstyrt klasserom ved Skogmo vgs., fordi skulen får ein ekstra klasse innan elektro og datateknologi frå hausten 2026. Det blei bestemt at kostnadene for dette klasserommet i stor grad bør dekkjast gjennom investeringsmidlane for 2026. Den stipulerte kostnaden for eit nytt utstyrt klasserom på Skogmo er 355 263 kroner, men etter vurdering og prioritering av dei innmelde behova er det tildelt eit restbeløp på 295 840 kroner. Eventuelle kostnader som overstig innvilga beløp til klasserommet, blir dekte over driftsbudsjettet til seksjon Kompetanse og integrering.

Verksemd	Programområde	Utstyr	Beløp
Vest-Telemark vgs	TEK	Dreiebank	415.000 kr
Notodden vgs	TEK	Dreiebank	415.000 kr
Nome vgs	Naturbruk	Såbedsharv	537.500 kr
Hjalmar Johansen vgs	MK	Lys til TV-studio	344.000 kr
Skogmo vgs	TEK	Hjulstillingsapparat	350.000 kr
Skogmo vgs	EL	Klasserom	295.840 kr
Porsgrunn vgs	ST, Realfag	Mikroskoper	132.660 kr
Bamble vgs	TEK	Hydraulikkbank med utstyr	595.000 kr
Kragerø vgs	TEK	Dreiebank	415.000 kr
SUM			3.500.000 kr

Kostnaden for alle dei innvilga tiltaka inkluderer meirverdiavgift, og eventuelle meirkostnader utover det innvilga beløpet per tiltak må dekkjast av verksemdene sitt eige driftsbudsjett.

Komplett liste over søknader med ein oppsummert kommentar/vurdering frå økonomiavdelinga/administrasjonen er vedlagd.

Det er også skrive ein sak i denne møterekka som omhandlar samarbeid om maskiner og utstyr i vidaregåande opplæring, for å svare ut Fylkestinget sitt verbalvedtak 11 i Handlings- og økonomiplan 2026-2029.

«Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge frem en sak om hvordan opplæringen i den

videregående skole i større grad kan dra nytte av og redusere kostnadene til utstyr ved at man i større grad samarbeider med næringsliv og bedrifter om bruk og innkjøp av utstyr til skolene.»

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Det samla investeringsbeløpet er i samsvar med innvilga budsjetttramme. Verksemdene må gjennomføra anskaffingane i samsvar med gjeldande anskaffingsreglement. Ut over dette har saka ingen andre økonomiske, juridiske eller administrative konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FN sine berekraftsmål

Fordelinga av midlane vil bidra til FN sitt berekraftsmål nr 4: god utdanning for alle.

Fylkesdirektøren si vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at det er behov for investeringar i maskiner og undervisningsutstyr i dei vidaregåande skulane og andre verksemdar. Vidare vurderer fylkesdirektøren at budsjettmidlane i denne saka over tid vil bidra til at alle skular og verksemdar får eit godt tilskot til å dekkje behova sine. Fylkesdirektøren vurderer at fordelinga av midlane er i tråd med intensjonen i vedtaket frå fylkestinget.

Vedlegg:

Drifts- og investeringsmøter til maskiner og utstyr i 2026